

Framlegg til lovbrigde

LST: Framlegg frå landsstyret

SST: Framlegg frå sentralstyret

VST: Framlegg frå Vebjørn Sture

Innstilling på lov- og tuftbrigde

| | |
|----------------------|--|
| Nr: | LST-1 |
| Paragraf: | §3 |
| Framlegg: | Stryk «Einskildpersonar kan melda seg inn beinveges dersom det ikkje finst ungdomsmållag på staden.» |
| Resultat ved brigde: | §3 <i>Ungdom som godtek tufta og desse lovene, kan slutta seg til Norsk Målungdom.</i> |

| | |
|----------------------|---|
| Nr: | LST-2 |
| Paragraf: | §5 |
| Framlegg: | Erstatt «Medlemspengane er sette saman av ein sentralsats og ein lokalsats. Landsmøtet fastset sentralsatsen, ein tilrådd lokalsats og eventuelle andre satsar, medan årsmøtet i lokallaget fastset lokalsatsen. For lokallag som ikkje har fastsett lokalsats, gjeld den tilrådde lokalsatsen. Lokallaga kan krevja lokalsatsen for det føregåande året refundert. For å få refundert lokalsatsen må lokallaget ha levert årsmelding og ha halde årsmøte. /Medlemspengesatsen for fyrsteårsmedlemer vert fastsett serskild av landsmøtet.» med «Landsmøtet fastset medlemspengesatsen.» Konsekvensbrigde: Stryk «Landsmøtet fastset kor stor del av fyrsteårssatsen og toårssatsen som skal gå til lokallaga.» |
| Resultat ved brigde: | §5 <i>Det skal svarast medlemspengar for kvar medlem. Landsmøtet fastset medlemspengesatsen. Nye medlemmer som vert innmelde mellom juli og desember kan svara medlemspengar for to år, etter ein toårssats fastsett av landsmøtet.</i> |

| | |
|---|--|
| Nr: | LST-3 |
| Paragraf: | §5 |
| Framlegg: | Legg til «Landsmøtet kan vedta særskilde satsar for fyrsteårsmedlemer og etter alder.» |
| Resultat ved brigde (dersom VST-3 går gjennom): | §5 <i>Det skal svarast medlemspengar for kvar medlem. Landsmøtet fastset medlemspengesatsen. Nye medlemmer som vert innmelde mellom juli og desember kan svara medlemspengar for to år, etter ein toårssats fastsett av landsmøtet. Landsmøtet kan vedta særskilde satsar for fyrsteårsmedlemer og etter alder.</i> |

| | |
|-----------|--|
| Nr: | LST-4 |
| Paragraf: | §7 |
| Framlegg: | Legg til «For lokallag som ikkje vedtek egne lover, gjeld standardlovene for |

| | |
|-------------------------|--|
| | lokallag i NMU. Disse vert slegne fast gjennom serskilt vedtak på landsmøtet.» |
| Resultat ved brigde: | §7 Lokallaga er grunneininga og den viktigaste lekken i samskipnaden NMU. Lovene deira kan ikkje strida mot desse lovene. For lokallag som ikkje vedtek eigne lover, gjeld standardlovene for lokallag i NMU. Disse vert slegne fast gjennom serskilt vedtak på landsmøtet. Vert eit lokallag oppløyst, går eiga til NMU. (...) |

| | |
|-------------------------|---|
| Nr: | SST-1 |
| Paragraf: | §7 |
| Framlegg: | Legg til: «Eit lokallag vert rekna som oppløyst når det ikkje har levert årsmelding for det føregåande kalenderåret innan utgangen av det påfylgjande året.» |
| Resultat ved brigde: | §7 (...)Vert eit lokallag oppløyst, går eiga til NMU. Eit lokallag vert rekna som oppløyst når det ikkje har levert årsmelding for det føregåande kalenderåret innan utgangen av det påfylgjande året. Vert det skipa eit nytt (...) |

| | |
|-------------------------|--|
| Nr: | LST-5 |
| Paragraf: | §7 |
| Framlegg: | Endra «5 år» til «3 år» |
| Resultat ved brigde: | §7 (...) Vert det skipa eit nytt NMU-lag på staden innan 3 år, skal eiga frå førre lag med renter gå attende til laget.(...) |

| | |
|---|---|
| Nr: | LST-6 |
| Paragraf: | §7 |
| Framlegg: | Stryk «med renter» |
| Resultat ved brigde(viss SST-6 går igjennom) | §7 (...)Vert det skipa eit nytt NMU-lag på staden innan 3 år, skal eiga frå førre lag gå attende til laget. (...) |

| | |
|-------------------------|--|
| Nr: | LST-7 |
| Paragraf: | §7 |
| Framlegg: | Legg til «mellombels av sentralstyret og endeleg» i siste setning |
| Resultat ved brigde: | §7 (...)Nye lag i NMU skal godkjennast mellombels av sentralstyret og endeleg av landsstyret. |

| | |
|-------------------------|--|
| Nr: | SST-2 |
| Paragraf: | §9 |
| Framlegg: | Stryk siste setning |
| Resultat ved brigde: | §9 Medlemene i eit lokallag vel styre på års-/halvårsmøte. |

| | |
|-----------|-------|
| Nr: | LST-8 |
| Paragraf: | §11 |

| | |
|----------------------|--|
| Framlegg: | Legg til «før, revidert budsjett for inneverande år» etter «Rekneskap for året» i andre strekpunkt |
| Resultat ved brigde: | <i>§11 Landsmøtet skal ha føre: (...)Rekneskap for året før, revidert budsjett for inneverande år og budsjett for neste år(...)</i> |

| | |
|----------------------|---|
| Nr: | LST-9 |
| Paragraf: | §11 |
| Framlegg: | Erstatt tredje strekpunkt med «Medlemspengesats for neste år» |
| Resultat ved brigde: | <i>§11 Landsmøtet skal ha føre: (...) Medlemspengesats for neste år (...)</i> |

| | |
|----------------------|--|
| Nr: | LST-10 |
| Paragraf: | §11 (og §33) |
| Framlegg: | Set inn «skrivar» mellom «nestleiar» og «økonomiandsvarleg» Konsekvensbrigde: Nøyaktig same endring i §33 |
| Resultat ved brigde: | <i>§11 (...)Val av leiar, nestleiar, skrivar, økonomiandsvarleg, landsstyre og sentralstyre, valnemnd og ein medlem m/ 2 prioriterte vara til styret, valnemnda og landsrådet til Noregs Mållag.(...)</i> <i>Konsekvensbrigde: (§33 Eit nyvald sentralstyre med leiar, nestleiar, skrivar og økonomiandsvarleg, og medlemene og varafolka til landsrådet i Noregs Mållag, tek sæte fyrste syknedagen i juli. Det nyvalde landsstyret kan etter fleirtalsvedtak skuva ut dette tidspunktet med inntil fire veker.)</i> |

| | |
|----------------------|--|
| Nr: | LST-11 |
| Paragraf: | §11 |
| Framlegg: | Legg til på slutten «Lovendringar trer i kraft idet landsmøtet vert heva, med mindre landsmøtet vedtek noko anna med ¾ fleirtal.» |
| Resultat ved brigde: | <i>§11 (...) Landsmøtet skal òg hava føre framlegg til vedtak, arbeidsprogram, fråsegner, endringar av tuft og/eller lover. Ei tuft- eller lovendring kan berre havast føre dersom framlegget har vore sendt til sentralstyret minst 6 veker føreåt, og det må ha 2/3 fleirtal for å verta vedteke. Lovendringar trer i kraft idet landsmøtet vert heva, med mindre landsmøtet vedtek noko anna med ¾ fleirtal.</i> |

| | |
|----------------------|---|
| Nr: | LST-12 |
| Paragraf: | §13 |
| Framlegg: | Erstatt siste setning med «Sakpapir og framlegg til sakliste skal vera tilgjengeleg elektronisk når innkallinga kjem.» |
| Resultat ved brigde: | <i>§13 Landsmøtet skal kallast inn minst 4 veker på førehand. Sakpapir og framlegg til sakliste skal vera tilgjengeleg elektronisk når innkallinga kjem.</i> |

| | |
|-----|--------|
| Nr: | LST-13 |
|-----|--------|

| | |
|----------------------|--|
| Paragraf: | §17 |
| Framlegg: | Legg til etter utsendingsnøkkelen: «Grunnlaget for utrekninga av utsendingane er medlemstalet i laga ved årsskiftet, pluss nye betalande medlemmer som er innmelde seinast seks veker før landsmøtet tek til.» |
| Resultat ved brigde: | <p>§17 (...) 61-90 medlemmer gjev 6 utsendingar 91-150 medlemmer gjev 7 utsendingar lag med meir enn 150 medlemmer får 8 utsendingar</p> <p>Grunnlaget for utrekninga av utsendingane er medlemstalet i laga ved årsskiftet, pluss nye betalande medlemmer som er innmelde seinast seks veker før landsmøtet tek til. (...)</p> |

| | |
|----------------------|--|
| Nr: | LST-14 |
| Paragraf: | §17 |
| Framlegg: | Fjern bunden form i «Lokallaga og distriktslaga har høve til (...)» |
| Resultat ved brigde: | §17 (...) Lokallag og distriktslag har høve til å senda observatørar til landsmøtet. |

| | |
|---------------------|---|
| Nr: | LST-15 |
| Paragraf: | §17 |
| Framlegg | Legg til etter utsendingsnøkkelen for omframe landsmøte: «Til omframe landsmøte skal utsendingstalet reknast ut frå på same grunnlag som utrekninga for det ordinære landsmøtet i perioden.» |
| Resultat ved brigde | <p>§17 (...) Til omframnt landsmøte er retten til å røysteføre utsendingar slik: 5 - 50 medlemmer gjev rett til 1 utsending, Over 50 medlemmer gjev rett til 2.</p> <p>Til omframe landsmøte skal utsendingstalet reknast ut frå på same grunnlag som utrekninga for det ordinære landsmøtet i perioden.</p> |

| | |
|----------------------|--|
| Nr: | LST-16 |
| Paragraf: | §18 |
| Framlegg: | Stryk «betalt årspengar og» |
| Resultat ved brigde: | §18 Utsendingar frå lokallaga har røysterett når laga har sendt inn årsmelding |

| | |
|--|---|
| Nr: | LST-17 |
| Paragraf: | §18 |
| Framlegg: | Legg til på slutten av fyrste setning: «og deltakaravgift og medlemspengar for utsendingane er betalt» |
| Resultat ved brigde (viss SST-18 går gjennom): | §18 Utsendingar frå lokallaga har røysterett når laga har sendt inn årsmelding og deltakaravgift og medlemspengar for utsendingane er betalt. Utsendingar frå lokallaga skal veljast på årsmøte eller medlemsmøte. Leiaren i NMU har alltid røysterett på landsmøte i NMU. |

| | |
|-------------------------|---|
| Nr: | SST-3 |
| Paragraf: | §21 |
| Framlegg: | Stryk «10,» og «14 eller 16» |
| Resultat ved brigde: | §21 (...) <i>I landsstyret sit leiaren for NMU og 12 andre.</i> (...) |

| | |
|-------------------------|---|
| Nr: | LST-18 |
| Paragraf: | §21 |
| Framlegg: | Erstatt «andre» med «faste medlemmer» |
| Resultat ved brigde: | §21 (...) <i>I landsstyret sit leiaren for NMU og 10, 12, 14 eller 16 faste medlemmer</i> (...) |

| | |
|--|--|
| Nr: | LST-19 |
| Paragraf: | §21 |
| Framlegg: | Erstatt «. Det skal veljast ei nummerert varaliste til landsstyret» med «og 6 nummererte varer.» Konsekvensbrigde: «og» mellom «leiaren i NMU» og «12 faste medlemmer» fell ut. |
| Resultat ved brigde (Dersom LST 18 går gjennom): | §21 (...) <i>I landsstyret sit leiaren for NMU og 10, 12, 14 eller 16 faste medlemmer og 6 nummererte varaer.</i> (...) |

| | |
|-------------------------|---|
| Nr: | LST-20 |
| Paragraf: | §21 |
| Framlegg: | Stryk «og der det er mogleg, lyt landsstyrerepresentantane sitja i distriktsstyret.» i siste setning. |
| Resultat ved brigde: | §21 (...) <i>Det skal vera geografisk spreining av medlemene i landsstyret.</i> |

| | |
|-------------------------|--|
| Nr: | SST-4 |
| Paragraf: | §23 |
| Framlegg: | Stryk «minst» i fyrste setning. |
| Resultat ved brigde: | §23 <i>Landsstyret skal ha 4 møte i året</i> (...) |

| | |
|-----------|--|
| Nr: | LST-21 |
| Paragraf: | §23 |
| Framlegg: | Erstatt «, eller når leiaren, sentralstyret eller fleirtalet i landsstyret krev det» med ny setning «Leiaren, sentralstyret eller fleirtalet i landsstyret kan krevja omframe landsstyremøte.» |

| | |
|----------------------|--|
| Resultat ved brigde: | §23 <i>Landsstyret skal ha minst 4 møte i året. Leiaren, sentralstyret og fleirtalet i landsstyret kan krevja omframe landsstyremøte.</i> |
|----------------------|--|

| | |
|----------------------|--|
| Nr: | LST-22 |
| Paragraf: | §25 |
| Framlegg: | Erstatt heile paragrafen med «Dersom ein landsstyremedlem trekkjer seg, rykkjer den som står fyrst på varalista opp på fast plass. Resten av varalista rykkjer fylgjeleg eitt hakk opp.» |
| Resultat ved brigde: | §25 <i>Dersom ein landsstyremedlem trekkjer seg, rykkjer den som står fyrst på varalista opp på fast plass. Resten av varalista rykkjer fylgjeleg eitt hakk opp.</i> |

| | |
|----------------------|---|
| Nr: | LST-23 |
| Paragraf: | §26 |
| Framlegg: | Erstatt «Landsstyret» med «Landsmøtet» |
| Resultat ved brigde: | §26 <i>Landsmøtet vedtek føresegner som regulerer andsvarsområda til landsstyret og sentralstyret.</i> |

| | |
|----------------------|---|
| Nr: | LST-24 |
| Paragraf: | §26 |
| Framlegg: | Set inn «og tilhøvet mellom» før «landsstyret og sentralstyret» |
| Resultat ved brigde: | §26 (...) <i>som regulerer andsvarsområda til og tilhøvet mellom landsstyret og sentralstyret.</i> |

| | |
|----------------------|---|
| Nr: | SST-5 |
| Paragraf: | §31 |
| Framlegg: | Erstatt fyrste setning med «Sentralstyret skal i alt ha 8 medlemer» |
| Resultat ved brigde: | §31 <i>Sentralstyret skal i alt ha 8 medlemer. Det skal i tillegg veljast minst tre nummererte varafolk. (...)</i> |

| | |
|----------------------|---|
| Nr: | SST-6 |
| Paragraf: | §31 |
| Framlegg: | Stryk «minst» i andre setning |
| Resultat ved brigde: | §31 <i>Sentralstyret skal ha 5-13 medlemer. Det skal i tillegg veljast tre nummererte varafolk. (...)</i> |

| | |
|----------------------|---|
| Nr: | SST-7 |
| Paragraf: | §31 |
| Framlegg: | Stryk dei to siste setningane. |
| Resultat ved brigde: | §31 <i>Sentralstyret skal ha 5-13 medlemer. Det skal i tillegg veljast tre nummererte varafolk.</i> |

| | |
|-----|--------|
| Nr: | LST-25 |
|-----|--------|

| | |
|--|--|
| Paragraf: | §31 |
| Framlegg: | Legg til på slutten: «Dersom ein SST-medlem trekker seg, nemner landsstyret opp ein ny SST-medlem frå varalista.» |
| Resultat ved brigde (viss SST-7 går gjennom: | <i>§31 Sentralstyret skal ha 5-13 medlemmer. Det skal i tillegg veljast minst tre nummererte varafolk. Dersom ein SST-medlem trekker seg, nemner landsstyret opp ein ny SST-medlem frå varalista.</i> |

| | |
|----------------------|--|
| Nr: | SST-8 |
| Paragraf: | Mellom §33 og §34 |
| Framlegg: | Ny §34 (konsekvensbrigde: noverande §34 og utover får nye paragrafnummer): «VALNEMNDA §34 Valnemnda har i oppgåve å koma med innstilling til alle verv som skal veljast på landsmøtet, utanom framlegg til ny valnemnd. Innstillinga skal vera klar seinast to veker før landsmøtet tek til. Valnemnda har tre medlemmer, og to nummererte varafolk. Folk som sit i SST kan ikkje samstundes sitja i valnemnda.» |
| Resultat ved brigde: | VALNEMNDA <i>§34 Valnemnda har i oppgåve å koma med innstilling til alle verv som skal veljast på landsmøtet, utanom framlegg til ny valnemnd. Innstillinga skal vera klar seinast to veker før landsmøtet tek til. Valnemnda har tre medlemmer, og to nummererte varafolk. Folk som sit i SST kan ikkje samstundes sitja i valnemnda.</i> |

| | |
|----------------------|--|
| Nr: | LST-26 |
| Paragraf: | Overskrifta til §34-35 |
| Framlegg: | Endra til «Distriktslag» |
| Resultat ved brigde: | <i>DISTRIKTSLAG</i> §34 (...) §35 (...) |

| | |
|----------------------|---|
| Nr: | SST-9 |
| Paragraf: | §36 |
| Framlegg: | Ny §36 (konsekvensbrigde: noverande §36 og utover får nye paragrafnummer): VEDTAKSGILDSKAP Politikk og fråsegner vedteke av landsmøtet eller landsstyret i NMU, er gyldig i fem år etter siste handsaming. Vedtak vedrørande organisatoriske tilhøve, herunder lover og føresegner, er gyldige til dei vert handsama på nytt. |
| Resultat ved brigde: | §36 VEDTAKSGILDSKAP <i>Politikk og fråsegner vedteke av landsmøtet eller landsstyret i NMU, er gyldig i fem år etter siste handsaming. Vedtak vedrørande organisatoriske tilhøve,</i> |

| | |
|--|--|
| | <i>herunder lover og føresegner, er gyldige til dei vert handsama på nytt.</i> |
|--|--|

Særvedtak: Vedtaket tek til å gjelda frå landsmøtet i 2011.

| | |
|----------------------|---|
| Nr: | VST-1 |
| Paragraf: | §37 |
| Framlegg: | Erstatt fyrste setning med «Alt organisert arbeid i NMU, herunder møte, samlingar, tilskipingar, og liknande, er rusfritt.» |
| Resultat ved brigde: | §37 <i>Alt organisert arbeid i NMU, herunder møte, samlingar, tilskipingar, og liknande, er rusfritt. Dette gjeld gjennom heile tilskipinga.</i> |

| | |
|----------------------|---|
| Nr: | LST-27 |
| Paragraf: | §37 |
| Framlegg: | I fjerde setning, erstatt «kan landsstyret vedta å nekta deltakarane reisedekkjing» med «kan deltakarane sendast heim og eventuelt nektast reisedekkjing etter vedtak i landsstyret». |
| Resultat ved brigde: | §37 (...) <i>Ved brot på denne paragrafen kan deltakarane sendast heim og eventuelt nektast reisedekkjing etter vedtak i landsstyret. (...)</i> |